

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FA - N64	14/1656

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
50/2014	Formannskapet	PS	04.06.2014

Prioritering av områder - Søknad om tilskot til breibandsutbygging

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til FS-sak 36/2014 «Søknad om tilskot til breibandsutbygging – 2014».

Meland kommune har moglegheit til å søkje om tilskot til breibandsutbygging frå Post- og teletilsynet. Det er tilsaman satt av 160 millionar til tilskotsordninga. Føremålet er å sikre at det vert bygd ut godt breiband i heile Norge, også i områder der det ikkje er lønsamt å byggje ut. Nærare informasjon om tilskotsordninga er å finne i saksutredninga frå FS-sak 36/2014.

Vurdering

Kommunar som planlegg å søkje skal offentleggjere informasjon om kva for eit geografisk område den planlagde utbygginga gjeld. Interesserte partar skal få høve til å gi innspel til kommunen før søknaden vert levert. Kommunen lyste 16.05 ut høyring om utbygging av breibandsnettet på kommunen sine nettsider. Følgjande geografiske områder vart då prioritert av administrasjonen:

1. Rossland-Vikebø
2. Fløksand
3. Dalemarka
4. Beitingen

Bakgrunnen for prioriteringa var at dette var områder som i dag ikkje har tilfredsstillande breibandsdekning samtidig som det er områder med relativt mange bustader. Det er også svært lite sannsynlig at desse områda vil bli bygd ut kommersielt.

Frist for innspel var 3. juni, og innan fristen var det kome inn 22 innspel til kommunen:

Dato	Avsender	Område	Grunngiving
19.05	Ida Bruvik Hella	Rossland, Rylandshøgda	Vikebø, Ikkje nok kapasitet på nåværande nett for alle
21.05	Stian Blom	Brakstad/Vestbygdvegen	Dårleg kapasitet på eksisterande nett
22.05	Berith Andersen	Tveit	Stort behov og nærleik til eksisterande infrastruktur
22.05	Eva Spjeld	Skurtveit	Svært viktig med utbygging når alle statlege tenester skal vere nettbasert
27.05	Trond Torvund	Holme-Tveit-Meland-Brakstad	Nærleik til eksisterande infrastruktur, men vil ikkje bli bygd ut utan støtte
02.06	Felles høyringsuttale frå bebuarar i Vestbygdvegen Melandsvegen Røysetvegen	Valde-Tveit-Røyset-Melandsvegen ned mot i: Holme	Dårleg kapasitet på eksisterande nett. Nettet er svært utsatt ved torevær. Ein er svært avhengig av god nettilgang i samband med arbeid, skule og i det private.
02.06	Nordre Austebygd Vel	Moldekleiv-Ådland	Vil ikkje vere aktuelt å byggje ut kommersielt. Svært dårleg dekning i dag.
03.06	Stig Møgster Kathrine S Brakstad	Beitingen	Sterkt ønske. Stor utbygging i området
03.06	Evelyn Wold	Roteviksveien	Dårleg eksisterande nett i dag
03.06	Ronald Lerøen	Rotevikshaugen	Viktig med fiber for å få akseptabel hastighet ved bruk av heimekontor
03.06	Fredrik Crowo Martika Brook	Rotevikshaugen/Beitingen	Sterkt ønske om utbygging av fiber.

03.06	Pål-Fredrik Kaupang	Rotevikshaugen/Beitingen	Dårleg eksisterande nett
03.06	Kenneth Sætrevik	Beitingen	Dårleg eksisterende nett i dag. Behovet vil bare bli større
03.06	Stein Erik Ebbesvik	Beitingen/Rotevikshaugen	Dårleg eksisterande nett
03.06	Jan K	Beitingen/Rotevikshaugen	Dårleg eksisterande nett
03.06	Tormod Flaten	Beitingen	Dårleg eksisterande nett. Mange bustader
03.06	Kristian Heldal	Fosse	Dårleg eksisterande nett
03.06	Håvard Blom	Beitingen	Stor utbygging
03.06	Håvard Flatøy	Rotevikshaugen	Dårleg eksisterande nett
03.06	Ingrid Sætrevik	Beitingen	Dårleg eksisterande nett
03.06	Terje Sigurd Svendsen	Beitingen/Rotevikshaugen	Dårleg eksisterande nett. Utfordrande med heimekontor
03.06	Torbjørn Seim	Beitingen	Dårleg eksisterande nett.

Basert på dei innspela kommunen har fått er det naturleg å utvide omfanget på dei områda som er foreslått. Rossland - Vikebø foreslås utvida med Skurtveit og Rylandshøgda. Utbygging av Fløksand vert utvida til Fløksand – Brakstad – Tveit – Melandsvegen ned til Holme. Dette inneberer at 5 desse av innspela tas til følgje. Eit innspel tas delvis til følgje, men Røyset er ikkje inkludert.

Når det gjeld innspelet om etablering av breiband frå Moldekleiv til Ådland, vurderer administrasjonen at dette er ein svært lang strekning som ikkje utløyser så mange abonnenter. Innspelet vert i denne omgang ikkje tatt inn på prioriteringslista. Innspelet om Fosse vert heller ikkje i denne omgang tatt til følgje. Administrasjonen vurderer at dette er eit område som kan ha større moglegheit for kommersiell utbygging.

Vi har også fått 14 merknader knytt til Beitingen. Administrasjonen tar desse til følgje, men vurderer at dei andre områda vert prioritert foran Beitingen. Årsaka er at dei andre områda utløyser fleire abonnenter.

Folkehelse
Ikkje aktuelt

Miljø
Ikkje aktuelt

Økonomi
Svært liten innverknad. Kommunen vil ikkje bruke eigne midlar på utbygginga ettersom tilskotet skal dekke kostnadene. Må likevel bruke noko interne personalressursar på prosjektet.

Konklusjon

Følgjande områder vurderer administrasjonen no at det er ønskjeleg å søke om tilskot til utbygging til:

1. Skurtveit - Rossland – Vikebø – Rylandshøgda
2. Fløksand – Brakstad – Tveit - Melandsvegen ned til Holme
3. Dalemarka
4. Beitingen

Framlegg til vedtak:

Meland kommune søker om tilskot til breibandsutbygging for følgjande prioriterte områder: 1.
Skurtveit - Rossland – Vikebø – Rylandshøgda 2.
Fløksand – Brakstad – Tveit – Melandsvegen ned til Holme
3. Dalemarka
4. Beitingen

Formannskapet - 50/2014

FS - behandling:

FS - vedtak:

Meland kommune søker om tilskot til breibandsutbygging for følgjande prioriterte områder:

1. Skurtveit - Rossland – Vikebø – Rylandshøgda
2. Fløksand – Brakstad – Tveit – Melandsvegen ned til Holme
3. Dalemarka
4. Beitingen

, den 03.06.2014

Berit M.Eskeland
rådgjevar